

# ORKDAL MENIGHETSBLAD

Nr. 7 SEPTEMBER 1978 28. årgang

# *Så er skolen i full sving att*

og omlag halvparten av alle heimane i bygda sender dagleg det dyraste dei eig avstad til dei ymse skolar innom og utom bygda. Far følger kanskje minstejenta eller minstemann til bussen og mor følger alle borna sine med tankane heile dagen igjennom. Begge veit at det er så mykje som kan henda barnet både på godt og vondt. Freistingar og tilskyndingar kjem frå alle hald. Og når vi høyrer og les om alt det vonde mange ungdomar kjem ut for og kjem bort i — så krympar det seg i brystet på oss. Korleis skal eg verga mi dotter, min son. Stundom melder også den tanken seg at kanskje har også samfunnet prioritert galt når det gjeld skolen si målsetting (som det så ofte syner seg at samfunnet har prioritert galt i så mange andre ting.) Var det kanskje betre å målsetta borna våre til å **bli gode** framfor å skulle så absolutt **gjera det** godt i eit eller anna faget.

I førre generasjonen var det økonomien som stundom sette stengsler for ungdoms skolegang. Hadde ein berre pengar eller kunne skaffa seg kausjonistar så fekk ein saktens gå dei skolar ein hadde hug på. Vi er gla den tida er forbi da pengane sorterte ungdommen. Idag er det point-tabellar. Har du ikkje eit visst antall point kjem du ikkje inn på gymnas. Har du ikkje presteris kjem du ikkje inn på dei avgrensa studia. Akkurat som teoretisk givnad skulle vera det som avgjorde om eit menneske skulle kunne verta ein brukbar og flink kirurg. Så får vi snart ei samfunnslagdeling som er mykje verre enn den gamle lagdeling. Lagdeling etter fotografisk hukommelse. Ungguten for førti år siden som mangla pengane — han kunne alltid ha draumen i seg om å skaffa seg midla han trong. Den som idag vantar evnen til å hugsa fotografisk — han får alle draumar drepne. Er det å undrast på at ungdomen vår demonstrerer og protesterer?

Det er avdi dei har gjennomskoda oss i det gamle etablerte samfunn. Dei ser at vi prioriterar rangt, disponerar ressursane rangt og tar naturens avkastning på forskott for ufødde generasjonar. Ungdommen kjenner seg i ei samfunn som bygger på øyding av livsmiljø, på materialisme, eigenkjærleik, falskhet og hyklarskap. Med rette spør skoleungdommen etter kva for ei framtid dei kan venta seg i eit samfunn som spør etter karakterane berre og ikkje etter **karakteren**. Nokre av ungdomane ser ikkje årsaken og blir kyniske. Dei forkastar alt og melder seg ut av kyrkjesamfunn og borgarsamfunn. Dei blir revolusjonære. Dei gjer det i ei kjensle både av fortviling og idealisme. Men innmed seg sjølv lengtar dei etter faste haldepunkt — etter godhet og kjærleik.

Har vi ikkje alle ei kjensle av at det er «den gamle skolen» som kan hjelpa den «gamle heimen» for å få ungdomane ut av uføret att, — ein heim og ein skole som har omsorg for menneskets sjel, ikkje berre for menneskets kunnskap.

Jesu Kristi bøn åt oss alle var at vi skulle være gode mot medmennesket på livsvegen: «Alt det du gjer imot desse mine minste — det har du gjort imot meg.» Er det slik at der du er, blir sanning og rett forsvara? Løgna og usanninga avvist? Da har du ikkje tid til å vera opprørar.

**K. R.**

## September

*Vi vet det alle så inderlig vell,*
*at sommeren desverre nu er på hell,*
*men la oss fryde oss over tiden om e r,*
*over luften den klare, og alt det som skjer,*
*når alle trær og busker grønne,*
*skifter til purpur og farger skjønne,*
*farger — som ingen pensel formår*
*å male bedre enn Herren vår.*
*La oss fryde oss over den vakre september,*
*det er umulig å holde på sommeren lenger.*

Ingeborg Soligård.

## SLEKTERS GANG

**Døpte**



**Orkdal.**

18. 6. Kjetil Solberg
» Oddny Iren Myren
» Eva Kristin Withbro
25. 6. Jon Kristian Molde
» Anita Anderson
9. 7. Ola Røhme
» Per Gunnar Hasvik
» Anders Sæterbakk
» Camilla Volden
» Sissel Solem
» Berit Brønstad
16. 7. Ann-Grete Buan
» Randi Wærnes
30. 7. Wenche Wolden
6. 8. Thomas Storli
» Karianne Belsvik
» Gry Hege Lervik
27. 8. Gro Astri Bratlie
» Solveig Melby
» Johan Morten Solem
» Endre Storsand
10. 9. Øyvind Svee
» Ragnhild Sæther

**Orkanger**

4. 6. Johan Bernhard Andersen
» Camilla Larssen
23. 7. Anders Nielsen
» Lene Martinsen
» Anett Cecilie Moe Jensen

**Geitastrand**

2. 7. Geir Arne Landrø

**Orkland**

11. 6. Frank Hagen
» Elin Marie Jakobsen
25. 6. Sølvi Tronvoll
2. 7. Christina Sabado
» Kristin Fagerli
» Anita Grøset
16. 7. Eivind Vullum
13. 8. Egil Fagerholt
» Vibeke Dragset



# *Evighetssyn over livet*

*Hvem har jeg ellers i himmelen? Og når jeg har deg, har jeg ikke lyst til noe på jorden.* Sal. 73, 25

Det er to slags syn som dominerer blant folk. Det matrialistiske og det kristelige. Det et menneske er, vil prege ens liv. Matrialisten greier ikke å skjule at han er en matrialist. Hans tale og livsførsel vitner om det. En kristen er et menneske som rekner med evigheten allerede her. Derfor kan det ikke skjules at det er evighetstone og evighetspreg over livet.

**Hvordan er matrialistens livssyn?**

I Luk. 12 fortelles det om en bonde som jeget var hovedperson hos. Jeg vil rive ned mine lader og bygge dem større. Jeg vil samle, jeg vil slå meg til ro, et, drikk og vær glad. Gud kalte ham en dåre. I Fil. 3, 19 skildrer apostelen matrialisten med sterke ord. De er fiender av Kristi kors, hvis ende er fortapelse, hvis gud er buken, og som setter sin ære i sin skam, og attrår de jordiske ting. Hører du med til denne flokken som sangeren har sammenfattet i få ord: «Fødes og ledes og dø så til slutt, det er vårt jordiske liv». Er ikke dette en stor meningsløshet. Mange kristne gripes desverre også av

(Over til s. 4.)



**Vigde**

**Orkdal.**

3. 6. Michel Francois Léon Legrand og Anna Marie Penna.
26. 5. Svein Leknes og May Karin Haugen. (Vigd hos sorenskriveren i Orkdal)
26. 5. Oddleif Benum og Brit Synnøve Kristiansen (Vigd sorenskr.ktr. i Orkdal)
10. 6. Ola Gangås og Ann Jorun Berg
17. 6. Yuen Man Yee og Kari Eikli
24. 6. Inge Harald Gården og Bergljot Helene Rigstad
1. 7. Morten Duesten og Sølvi Oddan
1. 7. Tore Kvam og Målfrid Lefstad.
8. 7. Oddbjørn Olsvik og Tone Asbjørnslett
8. 7. Øyvind Ophaug og Elisabet Martinsen
8. 7. Terje Christian Hansen og Berit Vareide
15. 7. Gunnar Håkon Steffensen og Jørvil Sundli
15. 7. Håvard Martin Sande og Marit Ljøkjel
15. 7. Svein Olav Libæk og Unni Solberg
1. 7. Tore Martin Hukkelås og Marit Sofie Abrahamsen. (Vigd i Frelserens kirke Farsund)

**Orkanger**

12. 5. Lars Løseth og Ruth Vognild
3. 6. Edvin Arnold Isaksen og Elin Johanne Høgsve
1. 7. Magne Bjørn Ramlo og Liv Oddrun Metliaas
15. 7. Hans Kristian Hansen og Sølvi Opphaug
15. 7. Reidar Keim og Karin Strømme. (Vigd i Kristiansand byrett)
19. 7. Per Jarle Singstad og Inger Mellesether
26. 7. Eivind Gjelsvik og Ingrid Herzberg. (Vigd hos sorenskriveren i Orkdal)

**Geitastrand**

12. 8. Oddvar Ølstørn og Gunn Elinor Sletvold

**Orkland**

24. 6. Kjell Øygarden, Oslo og Oddbjørg Ashild Grytdal, Tr.h.
24. 6. Per Opøyen, Orkland og Astrid Eggen, Orkanger
1. 7. Otto Bakken og Jorun Marie Jenstad
15. 7. Ola Monseth og Kari Johanne Berdal
21. 7. Arild Ragnar Henden og Gjertrud Ofstad
29. 7. Lars Erik Sandvik og Aina Lillian Bernhoff
5. 8. Hans Bernhard Meland og Eva Kristin Tallerås

Forts. s. 6.



**MENIGHETSBLAD**
**for Orkdal prestegjeld**
7330 Svorkmo
Utgitt av sokneråda i Orkdal
Redaksjonsnemnd:
**Gunerius Kjøren Jorhild Ljøkjel**
**Agnes Singstad**
Redaktør: **Kaare Rogstad**
Kasserar:
**Einar Garberg, 7320 Fannrem.**
Postgironr.: 32 68 72.
Takk for gåver og kontingent.
Ekspedisjon:
**Sigmund Gjelsvik, 7300 Orkanger.**
Svorkmo Prenteverk A/S, Svorkmo
7330 Svorkmo.

## Kva skal vi gjera med Gravkapellet ved hovedkyrkja?

I dei siste par åra har ikkje gravkapellet vore nytta ved gravferder når ein unntar dei vekene kyrkja var under opp-pussing. Alle som kjem og tingar gravferd for sine pårørande — ber om å få kyrkja, og det svarer vi alltid ja på — sjølvsagt.

Samstundes som denne utviklinga har funne stad — blir det meire og meire klårt at Orkdal kyrkjelyd sårt treng kontor for kyrkjegardens protokollar og kart. Vidare er bårerommet nede i kjellaren på gravkapellet, heilt ubrukbart på vintertid og lite triveleg også om sommaren. Endeleg krev den nye arbeidsmiljøloven at det skal vera gode opphaldsrom, sanitæranlegg og garderobe for arbeidstakarar på arbeidsplassen.

Ut frå det som her er skreve — har soknerådet uformelt drøfta om ein skulle søka stiftsdireksjonen å få omdisponert bruken av kapellet. Arkitekt Solem ved domkyrkja sitt arkitektkontor har skissa opp ei inndeling av kapellet. Etter skissa så blir det eit høveleg stort og pent bårehus der altarpartiet no er. Vidare blir det både opphaldsrom og plass for kontor — garderobe og toaletter.

Før soknerådet realiserer slike planer vil vi kalla saman til menighetsmøte — der alle får høve til å segja si meining og der det også eventuelt må verta ei avrøystning. Så nemner vi dette no i menighetsbladet — til så lenge — så de alle kan tenkja igjennom saka og gjerne drøfta den mann og mann imellom.

*K. R.*

## Orkdal minnefond

I statuttane for Orkdal Minnefond heiter det millom anna:

1. Orkdal Minnefond har til formål å gjera kyrkjegarden vakrare.

2. Fondet er oppretta av Orkdal sokneråd, som og har ansvaret for det.

3. Fondet får pengar ved at folk til gravferder sender helsingar på Minnefond-blankettar i staden for blomster og kransar. Ved å gi ei gåve på minst 10 kroner, vil alle få ordna med ei slik helsing hos tillitsmennene for Minnefodet.

4. Pengane som kjem inn, skal brukast til å gjera sjølve kyrkjegarden vakrare, ikkje til å pynte dei enkelte gravene.

Orkdal Minnefond er fornøgd med oppslutninga, og vi disponerar til denne tid ca. kr. 5.000.

Forat alle glade gjevarar skal sjå eit resultat av pengegåvene sine, har vi i samråd med soknerådet vedtatt å bruka dei pengane vi har fått inn — til å pynte kyrkjegarden. Det er ikkje så langt ein kjem med kr. 5.000 i dag, men vi tek i første omgang sikte på å få til to vakre bed — tulipan — eller rosebed ved inngangen åt kyrkja.

Kontaktmennene rundt i bygda har blankettane ein treng, og dei tek i mot pengane. Bankane i Orkdal har også stilt seg positive til tiltaket og hjelper oss i arbeidet med blankettar og pengeinnbetalingar.

Klokkar Alfhild Engen står i ei særstilling når det gjeld kontaktmenn. Ved å ringe til henne kan ein ordne alt utan personleg frammøte. Ho skriv ut minneblankettar og tek dei med til kyrkja gravferdsdagen. Pengane vil ein få krav på i posten. På grunn av dyr trykking, høg porto- og telefonavgift, ser vi oss nøydde til å heve minsteinnbetalingsbeløpet til kr. 20,—.

Vi ber alle kontaktmenn om å merke seg dette.

Så vonar vi at dei to beda ved inngangen åt kyrkja vil tenne glede hjå dei mange som går inn og ut av Guds hus — og vitne om Minnefondet og det arbeidet vi driv. Vi takkar for alle bidrag — små og store, og ønsker at enno fleir vil nytte Minnefondet etter kvart.

*Asbjørg Svare*
formann

**Orkdal Sparebank**

**Orkanger** . . . kl. 08.00 - 15.00
**Torsdager** . . . kl. 08.00 - 18.00
(Tlf. 80 450)
**Fannrem** . . . kl. 08.00 - 14.30
(Tlf. 82 191)
**Selbekken** . . . kl. 09.00 - 14.30
(Tlf. 115)
**Lørdager er alle kontorer stengt.**

*80 år i bygdas tjeneste*
**Moderne butikk - Godt vareutvalg.**
**Bensin- og servicestasjon.**
Velkommen inn.
*Svorkmo Handelssamlag*

Kjolen
finner De hos
Dagny Korsli A.s
BARDSHAUG
Tlf. 80 395

**OPPFOTOGRAFERING AV GAMLE BILDER**
**Gjør familieveggen komplett.**
**Vi hjelper Dem med dette.**
Fotograf Kvarsnes
SE VÅR MUSIKKAVD. FOR ORGLER - GITARER o.s.v.
**Tlf. 80 356 Orkanger**

*Søndag er kirkedag*
*Skal din plass*
*stå tom?*

# Brev til deg, mor

*Av Håkon Siring.*

I et gammelt nr av «Norsk skoleblad» kan vi lese dette tankevekkende brev.

Det er ikke lett for en lærer å skrive avskjedsbrev. Det er ikke lett å stille seg foran deg og se deg inn i øynene. Kanskje du, kanskje jeg vil slå blikket ned.

Du kom med din lille gutt og la hans kjære hånd i min. Tillitsfullt. Nu har du også med gutten min å gjøre, i likhet med far og jeg. — Om du visste hvor tungt det mang en gang føltes. For det kom så mange mødre. Det ble så mange barn, for det ble så mange år.

Og hvert enkelt barn ble mitt, mitt. Og når jeg møtte deg på veien, du og andre mødre, kanskje i følge, ja så visste jeg jo at den lille velsignede i barnevognen om bare noen korte stakkede år ville møte meg igjen på skolen. Skolen, den forferdelige bøygen som ingen slipper unna!

Den står der med sine store rom med bord og stoler i lange rader og truer hver liten sjel til stillhet og respekt.

Hvor deilig om en kunne ha plassert de små undrende barna noe tilfeldig rundt små og store bord i en mangfoldighet av uorden. Og så latt dem løpe ut for å more seg som best det passet, og om best det passet komme inn igjen og ta i mot etter lyst og evne. Du, mor, gav meg også ditt større barn, en som tidt kanskje brakte bekymring med seg.

Med smerte tenker jeg på den gangen du og jeg stod på hver sin side av et gjerde, og ingen av oss ville gi seg. Du dadlet meg fordi jeg hadde vært for streng. Men jeg var ung og prinsippfast. Men nu. Nei, linjal og passer er ikke noe lenger for en aldrende lærer, knapt heller andre bestemte størrelser eller normer vedtatt fra gammelt av. For du kjempet for ditt barn, ditt barn som betrodde seg til sin mamma. Du som kjempet, du gjorde rett, for det er enhver mors rett. Du mor, hu har vel sunget denne sangen eller strofen for din lille: «Trygt vil jeg vokte deg til du blir stor, alltid for deg være trøsten.» Og det har du gjort uten tanke på «Siden husk så din gamle mor når bladene faller om høsten». For du har hatt en sterkere kjærlighet til ditt barn enn jeg som lærer noen gang har kunnet fatte. Just derfor hyller jeg deg nu, mor. For ganske snart er det for sent for oss begge.

Jeg ser også for meg, du farmor eller mormor, du som talte de umyndiges sak. — Kanskje ditt ansikt var furet. Kanskje dine hender skalv litt eller dine brilleglass ble dugget. Kjærligheten og forsvaret var like stort, like ungt og friskt, like selvforglemmende.

Noe gjerde burde det aldri være mellom deg og meg, mellom skolen og foreldre. Det burde heller være en blomsterpark med smilende løvtrær og sprudlende vannkilder, singelstrødde ganger og innbydende benker. Og så solskinn! Og barnet lekende mens du og jeg samtalte. — Det hendte du, mor kunne sitte i min stue og legge dine bekymringer frem. For *ditt* barn led overlast med hån og slag av andres barn. Og hvordan skulle en så gripe saken an? Eller dine tårer dryppet da du fortalte om læreres urettferdige behandling av *ditt* barn. — Du og ditt barn er ett, av samme kjøtt og blod. Av samme sjel og ånd.

Kanskje du satt der tynget av fortids minner. Kanskje du bebreidet deg selv. Var det din egen skyld at *ditt* barn fikk det vanskelig? Og så skulle jeg være sjelesørger for deg, mens du burde være det for meg!

Men så er gutten, piken, voksen. Ulenkelig og irritabel, sjarmerende i all sin ubehjelpelighet. — Men aller mest nu trenger de deg, du mor, i all sin avvisende holdning.

På skolen må de, og til skolen vil de. Og sitt kantete vesen bærer de med seg — både der og hjemme.

Og du, mor, må stadig gå imellom, du, fredsstifteren!

Du er fenderen, støtfangeren, som må tåle, som må bære det som ingen andre kan makte. — Gud velsigne deg. Din lønn er meget større enn du kan forestille deg.

Og så til slutt: Takk for praten. Og takk for tilliten, helt fra 1920 til 1970.

## Evighetssyn over livet - -

(Forts. fra s. 2).

denne innstilling. Asaf klager: «Forgjeves har jeg renset mitt hjerte og tvettet mine hender i uskyld — — —». For en ærlig kristen vil det alltid være en spenning mellom det matrielle og det åndelige.

**Hvordan får vi evighetssyn over livet?**

Vi må få del i det evige liv. Asaf gikk inn i Guds helligdom og der ble hans syn totalt forandret. I Guds helligdom vil vi oppleve at synden blir levende og dømmende. Du er fortapt og ser ingen vei. Da er det at Guds ånd og ord viser oss redningen: «Han som ikke viste av synd, ble gjort til synd for oss, forat I ved ham skulde bli rettferdige for Gud». All min synd og vannære ble tilreknet ham, og han tilrekner meg alt det han vant ved sin forløsning da han døde i mitt sted.

**Hva virker evighetssynet?**

En begynner å rekne med og glede seg over de evige verdier. Asaf sier: «Hvem har jeg ellers i himmelen, og når jeg har deg har jeg ikke lyst til noe på jorden». Det finnes en glede som aldri blekner. Det er det Gud har gjort ferdig for oss i Jesu soningsdød på korset. Synet og opplevelsen av dette holder oss åndelig varme og blir drivkraften i vårt liv og virke.

**Andreas Konstad**

Konstads Bokhandel

Orkanger.

**Bøker - Papir**

**Skolemateriell**



## Tankar og minne frå gode sommardagar

ved Sjelesorginstituttet på Modum



Ved eit opphold på Modum i sommar, fekk Syver og eg høve til å vera gjester på sjelesorginstituttet. Det var ei sjeldan god atmosfære der og eit fellesskap som imponerte, og eg vil dele opplevingar med lesarane av Menighetsbladet.

Sjelesorginstituttet, som også ber namnet Dr. Einar Lundby's Stiftelse, er meint som ei vidareføring av den sjelesorg Einar Lundby ga ved sitt private institutt, Solborg på Jevnaker.

Sommarkursa, som går over ei veke — frå St. Hans til midten av august — er tilbod til vanlege menneske som treng kvile for kropp og sjel — og rettleiing i åndelege og psykiske spørsmål.

Inga og Gordon Johnsen er husmor og husfar ved sjelesorginstituttet, og det er dei som har ansvaret for kursa.

Sjelesorginstituttet ligg inne i ein stor furuskog. Fred og ro kviler over staden. Kursa er einestående tilbod til stressa menneske som treng ro og kvile — og rettleiing. Gordon Johnsen er som kjent ein veldig forkynnar og ein berømt psykiater. Ein må berre bøye kne og takke for at ein får lov til å ta del i hans store viten på alle felt.

Dagen ved instituttet startar med skriftlesing og bøn i kapellet som ligg i underetasjen. Kvar dag frå 10-11 er det bibeltime — leia av ein prest, ein lekmann eller av Gordon Johnsen. Eg for min del fekk mest ut av bibeltimane til Gordon Johnsen. Dei var ei stor oppleving frå ende til annan. No i sommar tok han for seg sjukdom og liding — med utgangspunkt i Joh. kap. 5 og 9. Sume mistydingar er ute og går, sa han. Det er ikkje sikkert det er riktig å be Gud helbrede oss for ein sjukdom t.d. Gud gjorde under då han vekte opp frå dei daude — og slike under gjorde han berre få gonger. Slik også no. Vi kan ikkje rolege gå og vente på under — medan sjukdomen får fastare og fastare tak i oss. Vi kan istaden be Gud sende ein hjelpar i vegen vår. Når Gud ikkje høyrer bøna vår, er det fordi vi ber på feil måte. Gordon Johnsen avviste tanken om at sjukdom og liding er ei straff vi må bera for misgjerningar hjå forfedrane våre. Vi må heller sjå liding som ei kollektiv straff. Likeeins kom han inn på soning. Mange meiner vi må sone ei synd vi har gjort. Det er ikkje tilfelle, seier Gordon Johnsen. Gud har tatt på seg alle syndebørene våre, og Han kan tilgje oss synda. Vi lærde også noko om btterhet. Kva bitterhet er for noko og korleis vi kan kvitte oss med den. Vi kjenner bitterhet mot menneske som har gjort oss vondt. Bitterhet er ei form for hat. Bitterhet kan vi kvitte oss med om vi skjønar årsaka til at vi er bitre — og om vi freistar å skjøne bakgrunnen til det menneske som har gjort oss bitter. Ein psykiater kan hjelpe oss med dette — om vi sjølve vil «Naud må der til når vondt ein skal gjera».

Ein dag kvar veke var det tur for deltakarane. Turen eg var med på til Stavern, vil eg aldri gløyma . Naturinntrykka var mange og store denne vakre sommardagen. Men største opplevinga for meg var stunda i Stavern kyrkje med Gordon Johnsen som talar. Emnet for talen var: Kjærlighetens gjenskapermakt. Først tok han for seg ordet kjærleik — kva det er for noko. Kjærleik er ikkje ei kjensle. Kjenneteiknet på kjærleik er tilgjeving. Vilkåra for kjærleik er: åpenhet, nærhet, tillit og ømhet. Han kalla også desse fire begrepa for ekteskapets vitaminer. Han definerte dei fire begrepa for oss og sa på sin milde, fine måte: «Nærhet er å være tilstede der hvor vi er». Sagt på denne måten er det lett å skjøna.

Sjelesorginstituttet er reist av — og blir dreve med privat kapital — gåver frå «Modumvenner» over heile landet. Om nokon kunne tenke seg å støtte Sjelesorginstituttet — med eit lite beløp kvar månad — kr. 10, eller kr. 25,—, kan dei venda seg til meg. På den måten er vi med på å heidre minnet til Einar Lundby.

Eg har innmeldingsskjema — og alle «Modumvenner» vil få tilsendt kursskjema med opplysning om alle kurs gjennom året.

Takk på førehand for støtte og hjelp! Må Gud gi Inga og Gordon Johnsen styrke og kraft i det store arbeidet dei driv. Må Han også velsigne alle som går inn og ut av Dr. Einar Lundby's Stiftelse.

*Asbjørg Svare*

P. s. Ordet sjelesorg skræmer kanskje mange til å tenkja: Dette er ikkje noko for meg. Eg kan ikkje drive sjelesorg. Til det vil eg svara: Etter to sommarveker på Dr. Einar Lundby's Stiftelse har eg lært at *alle* menneske, uansett yrke og utdanning, kan drive sjelesorg. Og vi driv alle dagleg ei form for sjelesorg i heim, skole og på andre arbeidsplassar. Sjelesorg er omsorg for medmenneska våre. Vilkåra for å drive sjelesorg er at ein er glad i menneske — og at ein møter menneska der dei står — ut frå dei føresetnader dei har.

Berre ein liten prosent av alle menneske er uavhengig av sjelesorg i ei eller anna form.

«Du e sjøl en liten veken. Du treng sjøl en storebror».

*D. s.*

**SØVASSKJØLEN FJELLKIRKE**

postgiro 3675436 GJØLME.
EI KIRKESAK FOR ALLE I ORKDAL.

## Jubileer

Søndag 22.10 feirer Berkåk kyrkje sitt hundreårsjubileum. Det vert høgmesse kl. 11, kyrkjekaffe og konsert om kvelden. Vi gratulerer

*Sjømannskirken i New York 100 år.*

Den norske sjømannskirken i New York feirer sitt 100-årsjubileum 8.-15. oktober. Til stede blir blant andre biskop Thor With og generalsekretær Leif Aagaard i Sjømannsmisjonen. Kristiansand Domkirkes motettkor vil gi konserter under feiringen.

Kirkens prester i jubileumsåret er Knut Mølbach og Sigmund Lindekleiv.

*250-årsjubileum for Hans Egedes innsats*

Det er i år 250 år siden den norske presten Hans Egede grunnla «Håpets koloni» på Grønland, det seinere Godthåp.

Hans Egede trodde han ville finne etterkommere av de nordiske vikingene. I stedet møtte han eskimoene, som han arbeidet blant og trosset kulde og sykdom. Han lyktes i sitt virke for evangeliets sak slik at hans navn for alltid er knyttet til misjonsarbeidet på Grønland.

Til høsten vil det i anledning jubileet bli holdt en rekke arrangementer i Godthåp. Blant andre er dronning Margrethe og prins Henrik av Danmark invitert.

Forts. fra s. 2

### Døde

**Orkanger**

24. 5. Magne Rønning, f. 1915
25. 5. Mette Solem, f. 1885
23. 6. Jenny Margrethe Gjønnes f. 1913
25. 7. Bergljot Lund, f. 1906
28. 7. Gudrun Olaug Haugnes, f. 1906
20. 7. Berit Lefstadaune, f. 1897

**Geitastrand**

20. 6. Olaug Meland, f. 1915
1. 8. Ragnvald Kvernmo, f. 1902

**Orkland.**

17. 6. John P. Tronvoll, f. 1896
25. 7. Oline Hoston, f. 1892
29. 7. Nils Ofstad, f. 1908
23. 8. Sofie Børseth Simonshaug f. 1902

## Sommar-samvær



Kurs for pensjonistar og andre 14. - 18. juni 1978. Det var prostiråda i Orkdal og Sør-Fosen som innbød på denne måten. Møtestad var Torshus folkehøgskole i Orkdal. Prisen for heile samværet: 120 kr. Det blir gjeve stødnad frå ymse hald m.a. sosialkontora. Av programmet: Bibeltimar ved Ivar Eggan. Kåseri «De eldre i menigheten» og «Om å akseptere Alderdommen» ved Jarle Aune. «Samfunnet og dei eldre» ved rektor Lysberg. «Orientering om Trygdene» ved trygdesjef Jostein Mælen. Kåseri av Martin Foss, sjølvald emne (det vart om kristeleg song og folketonar). Hyggesamvær. Hyggekveldar. Misjonskveld. Utflukt. Trim og ymse aktivitetar. Jau, dette lydde ikkje så lite tillokkande! Og over 40 hadde reagert positivt på dette. Etter mange om og men hadde vi, kvar på vår måte, rive oss laus frå lenestolen, frå kvardagens små og større suter. Dørstokkmila kan bli lengre etterkvart som åra blir mange.

Så var det altså ikkje 17-åringane, men 70-åringane som denne gongen skulle bli helsa velkomne til skulen av smilande vertsfolk. Vi skulle leika i garden, bli ringt inn til matmål og skuletimar, sette oss stille ned, læra, taka imot — bli oppattnya.

Etter hjarteleg velkomst var kontakten skapt og ringen slutta. Vi fekk god seng, rikeleg med mat. Det vart mykje song. Dei tankeklåre, alvorsfylte bibeltimane gav oss mykje både for tanke og tru. Vi fekk synge våre kristelege og nasjonale songar og oppattfriska gamle personlege kontaktar og knytt nye. Så vart vi godt informert om vår status i kyrkje og samfunn. Jau, ein pensjonist har mange poeng idag. Vi høyrer såvisst ikkje til på skraphaugen. På hyggekveldane fekk m.a. geografien ein breid plass. Anders P. Kvåle veit visst alt om Orkdal som er verd å vita, og han fortalde ........ Skulestyrar Forfang viste lysbilete frå bygda. Sokneprest Olsen tok oss med til Rom og kretssekretær Røvik likeså til Madagaskar. Vi var innom norsk diktning ved prost Rogstads kåseri om Johan Falkberget. Det var song av ei kristeleg songgruppe. Så fekk vi helsa på dei fleste av dei nye prestane i prostiet. Likeså på ein millomeuropeisk prest som var på vitjing. Og Benjamin frå Madagaskar var óg innom oss med smilet og inspirasjonen. Turen til Bårdshaug var og ei oppleving for mange av oss. Og tenk, at Orkdal kommune gjorde ære på dei gråhåra gjestene med traktering! Takk, det *smakte*.

Ja, vi var på «kurs». Godværet rokk-til alle dagane. Gudstenesta med altargang om sundagen der sokneprest Olsen gjorde teneste, var så slutten. Og etter ein god middag etterpå tok vi kvarandre i handa med takk for godt samvær. Smilande takksame var alle. Mot skulen og rektor Lysberg og frue med hjelpesmenn, mot prost Rogstad, formannen i Prostirådet Reidar Halgunset, ja mot alle som *la noko i dette:* å gjera «ein Guds gjerning» for oss eldre. Vi «lever» lenge no på minner og lærdom frå dette kurssamværet. Det er visst ingen imot å møtast att — og ilag med enda fleire.

*Martin Foss*


**SØLVVARER**
**til**
**BARNEDÅP BRYLLUP**
**KONFIRMASJON**
**Gullsmed**
John RØHME
**7300 Orkanger**




## Gåver til bladet

*7300 Orkanger:*
L. Bjørkhaug kr. 25. S. Holden 20.

*7320 Fannrem:*
Magnhild og Ottar Berg 20. V. og O. Meaas 20.

*7330 Svorkmo:*
Ingeborg og Ola Gumdal 20. Marta og John Fagerli 20. Marit Sæter 20.

*Utenbygds:*
Hilda Skomsvoll, C. Gulbrandsens gt., 7800 Namsos 20. Magna Holen, Tr. heimsvn. 132, 2040 Kløfta 20.
Til sammen kr. 185,—.

*Gaver il bladet innbealt ved H. Hukkelås, 7300 Orkanger.*

*Orkanger*
Magda og Arne Oppøyen 20. Aud Krognes 20. Karen Svensen 10. Johanna Martinussen 10. Hedny og Arn Andersen 20. Mari og Kolbjørn Sivertsen 20. Bergliot Asbjørnslett 20. Mildrid og Vidar Liøkel 15. Johanna Rømmesmo 15. Borghild og Trygve Melby 25. Agnes Sivertsen 10. Eli og Arnold Ofstad 20. Marry Sneve 20. Edel og Svein Osnes 20. Anna Kjempe 10. Hjørdis Bakken 20. Pedersen og Karlsen 30. Berit Lykken 20. Dagmar Frantzvåg 20. Judit og Trygve Øyen 25. Oline og Edvart Eggan 10. Ellen Johansen 20. E. L. 20. Anna og Olaf Oddli 20.

*Orkdal:*
Gjertine og Asbjørn Meås 15. Åse Tømmervik 20. Oline Furuhaug 20. John Hollum 20. Jenny Fossum 20. Dagfinn Klongervik 20. Olaug og Arnt Moe 20. Mali Lervik 20.

*Orkland:*
Aslaug og Andreas Konstad 20.

*Geitastrand:*
Gudrun og Erling Sletvold 20.

*Utenbygds:*
Gudrun Sæther, 7390 Meldal 20. Maren Rånes, Festningsgt. 11, 7000 Trondheim 20.
Til sammen kr. 675,—.
Hjertelig takk.

*Gaver til bladet i juni.*

*7300 Orkanger:*
A. Svendsen 20. Kjellaug og Arvid Larsen 20. Inger Kvam 20. Nikolai Hepsø 20. Marie Gisvoldløkk 10. Marit Fossum 20.

*7320 Fannrem:*
Mathilde Grut 25. Tøddaas 25. Signe Gjønnes 50. Gurine Kråkdal 50. Elise og Oddgeir Bang 25. Åse og Olav Vormdal 20. Karen S. Vormdal 20. Oline og John Kvakland 25. Astrid Konstad 20. Kjellaug og Arnt Gangås 50. B. og O. F. Singstad 100.

*7330 Svorkmo:*
Oline Solbu 10.

*7334 Hoston:*
Ingeborg og Kr. Vikahaug 40.

*7374 Geitastrand:*
Oline og Peder Kjøren 20.

*Utenbygds:*
Helge Dahl, Kronprins Olavs v. 21, 2800 Gjøvik 20. Johan Asphjell, 7086 Gåsbakken 25. Helen og Eleanor Tronvold, R 6, Box 226 Mankato, Minnesota 56001, USA 23,85 (5 d).) Jorhild Asbøll Larsen, Nedre Flatås 21 B, 7079 Flatåsen 20. Eli Hofstad, Meieriv. 3 B, 7500 Stjørdal 20.
Til sammen kr. 678,85.
Hjertelig takk.

## Nytt Bispedømmeråd

Det har vore val på nytt bispedømmeråd for foreårsperioden 1. 7 1978 - 30. 6 1982.
Valt vart:
Rektor Magne Bjørkøy — Trondheim
Husmor Kjellrun Bergslid — Rindal
Sjukepleielærar Kari Tokle — Namsos
Som geistleg medlem vart vald:
Prost Kaare Rogstad — Orkdal
Vararepresentantar:
Bonde Josef Storflor — Flornes
Stortingsrepr. Aslaug Fredriksen — Sunndal
Personalsjef Arne Garnes — Tr.heim
Geistleg:
Sokneprest Magne Bergslid — Rindal


**Ansvar —Varde**
har de beste forsikringsdekninger for avholdsfolk. Kontakt oss når behovet for skadeforsikring melder seg, om det er for hus/heim, næringsvirksomhet, bil, motorsykkel eller traktor.
**REPRESENTANTER:**
**Brage Fagerli, Svorkmo, tlf. 84344**
**Sigm. Haugset, Fannrem, tlf. 82362**
**Johan Hukkelås, Fannrem, tlf. 82507**
**Distr.sjef Ivar K. Gangås t. 82175**


Hjartans takk for blomster og pengegåver ved Berit Lefstadaunes gravferd. Pengane er gjeve til Orkdal alders- og sjukeheim.
Aasta og Ola Skaugen

Vi takker for pengegaven som er gitt til Orkdal alders- og sjukeheim i anledning Berit Lefstadaunes gravferd.
Arnfinn Nesset

1. Evjen KFUM har fått kr. 500 fra Orkdal sparebank, kr. 800 fra Forretningsbanken og kr. 1500 fra kommunale kulturmidler. Dette er gode gaver å få i etableringsfasen. En hjertelig takk både kommunen og bankene.
*1. Evjen KFUM v/ Per J. Solem*


**Svorkmo Prenteverk A/S**
**Vend Dykk til oss når det gjeld trykking av blad, tidsskrifter, forretningstrykk m.m.**
**Telf. og post: 7330 Svorkmo.**

Orkel — et kvalitetsprodukt
**Maskiner og redskaper for landbruket**

JOH. GJØNNES
**MEK. VERKSTED - JERNINDUSTRI**
**7320 Fannrem - Tlf. 82 375**

# Velkomen til kyrkja

*16. s. e. pinse*
*10. 9 Orkdal kirke kl. 11*
Familiegudst. Prost Rogstad og kateket Solem. Konfirmantpresentasjon. Offer til konfirmantarbeidet.

*10. 9 Geitastrand kirke kl. 11*
Høymesse ved res.kap. Aasen. Nattverd. Offer til søndagsskolen. Buss frå Råbygda.

*10. 9 Orkanger kirke kl. 11*
Høymesse ved kalls. kap. Slettahjell. Nattverd. Offer.

*17. s. e. pinse*
*17. 9 Orkanger kirke kl. 11*
Familiegudst. ved kalls. kap. Slettahjell. Konfirmantpresentasjon. Offer til konfirmantarb.

*17. 9 Moe kirke kl. 11*
Familiegudst. ved res.kap. Aasen. Konfirmantpresentasjon. Offer til konfirmantarb.

*17. 9 Støylen skole*
Gudstj. møte v. prost Rogstad.

*18. s. e. pinse*
*24. 9 Orkdal kirke kl. 11*
Høymesse ved prost Rogstad. Offer til menighetsarb.

*24. 9 Orkanger kirke kl. 11*
Høymesse ved res.kap. Aasen. Offer til menighetshus.

*24. 9 Kjørmoen grendstuggu kl. 11*
Familiegudst. v. kalls.kap. Slettahjell.

*19. s. e. pinse*
*1. 10 Orkdal k. kl. 11*
Høgmesse v. prost Rogstad. 50-års-konfirmasjon. Offer til kyrkja.

*Orkanger k. kl.*
Barnegudst. v. kalls.kap. Slettahjell. 4-åringer får «Min Kirkebok». Offer til barne- og ungdomsarbeidet.

*Moe k. kl. 11*
Barnegudst. v. res. kap. Aasen. 4-åringer får «Mi Kyrkjebok». Offer til barne- og ungdomsarb.

*20. s. e. pinse*
*8. 10 Orkanger k. kl. 11*
Høgmesse v. res. kap. Aasen. Nattverd. Offer til kristent arbeid blandt blinde.

*Moe k. kl. 11*
Gudst. møte v. kateket Solem. Offer til KFUM Svorkmo.

*Geitastrand kl. 11*
Høgmesse v. kalls.kap. Slettahjell. Konfirmantpresentasjon. 50-årskonfirmasjon. Offer til arbeidet mellom konfirmanter og unge. Buss frå Husdalen.

*21. s. e. pinse*
*15. 10 Orkdal k. kl. 20*
Kveldsmesse v. res.kap. Aasen
*BUVIK K. KL. 11*
*PROSTIETS KYRKJEDAG — DER ALLE PRESTEGJELDETS PRESTER DELTAR.*

**ORKDAL MINNEFOND**
**De får blankettar hos:**
Gunnar Melås, Kåre Gjønnes, Johan Fagerholt, Ane Øyasæter, Harald Metliås, Einar Bjørndal, H. Sivertsen, Borghild Asphjell, Dagny Korsli, Harald Hukkelås. Bankane. Alfhild Engen.

**ORKLAND MINNEFOND**
Blankettar hos:
Klara Aamot, 7330 Svorkmo.

**ORKANGER MINNEFOND**
Blankettar hos: Harald Hukkelås Bankane.

**GEITASTRAND MINNEFOND**
Blankettar hos:
Gunerius Kjøren

*Svorkmo*
Eldretreff misjonshuset torsdag 21. august kl. 11.

*Møter i Orkanger menighet:*
8. sept. kl. 15. Eldretreff i Askeladden.
13. sept. kl. 20. Bibeltime i bedehuset. Audun Slettahjell: *Hva er synd?*
17. sept. kl. 17: Familiesamling i ungdomsskolens festsal. Den nye prestefamilien på Svorkmo blir med.
27. sept. kl. 20: Bibeltime i bedehuset. Kaare Rogstad: *Synd og soning.*
6. okt. kl. 15: Eldretreff i Askeladden.
11. okt. kl. 20. Bibeltime i bedehuset. Emne: *Hva er bot?*

*Menighetsaksjon i Orkdal kyrkje*
Frå tirsdag 17.10 til søndag 22.10 blir det menighetsaksjon i Orkdal kyrkje. Arrangør er sokneråd, Indremisjon, Misjonssamband, Misjonsfor. og Follolaget. Talarar vert denne gong prestegjeldets eigne prestar som tar to kveldar kvar.

## Prestekontora sine åpningetider

Vi er no i den lukkelege situasjon at det er fullt mannskap i kyrkjesektoren att, — tre prestar og ein kateket. Det betyr mellom anna at ein kan gå attende til den gamle ordninga at res.kap. tar noko av dei kyrkjelege forretningar i Hovudsoknet (i alle veker med like nr.)

*Prestekontora sine åpningstider*
Orkdal:
Tirsdag 16-18
Torsdag 10-12
Laurdag 10-12
Orkland:
Tirsdag 10-12
Torsdag 10-12
Orkanger:
Tirsdag 17-19
Fredag 10-12

*Telefonar:*
Prosten: 82142
Res.kap. 84188
Kalls.kap. 80671 (privat 80589)
Kateket Solem har diverre ikkje fått telefon enda — men vil dei fleste torsdagar bli å treffe på prestekontoret i Orkdal 10-12.

| | |
|---|---|
| Organist Magnh. og Erling Hoff | 80472 |
| Organist Steinar Jakobsen | 84267 |
| Organist Olav Sjømæling | 82190 |
| Kyrkjeverge Arne Langås | 82591 |
| Kyrkjeverge Ingvar Grytdal | 84121 |
| Kyrkjeverge Egil Singstad | 80517 |
| Kyrkjeverge, kyrkjetenar og klokkar Gunerius Kjøren | 83453 |
| Kyrkjetenar Lars Fandrem | 82476 |
| Kyrkjetenar Helge Sandstad | 84158 |
| Kyrkjetenar John Stokke | 80564 |
| Klokkar Alvhild Engen | 82435 |
| Klokkar Jens Indergård | 84533 |
| Gravferdsbyrå Gunvor Hoff | 80183 |

*Prostiets kyrkjedag*
vert halde i Buvik 15.10. Det vert gudsteneste kl. 11 i Buvik kyrkje og festmøte i Buvik skole kl. 14. Alle våre prestar deltar der. Så denne dag vert det inga høgmesse i Orkdal pr.gj. Møteprogram vil stå i nestenr. av Menighetsbladet.